

# Forprosjekt Fjærland biogass (stor-og småfegass)



Fakling frå metan til CO2



Minianlegget for biogass i Fjærland



Alle foto: Gaute Bøyum Dvergsdal

**Prosjekteigar:**  
**Fjærland Bondelag**  
**Org.nr. 975428591**

**Prosjektleiar**  
**Siv.ing Kjell Gurigard AS**

Juni 2010

## Innhald

<b>1. Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Innleiing og bakgrunn.....</b>	<b>4</b>
2.1 Bakgrunn for prosjektet .....	4
2.2 Prosjektgjennomføring .....	5
2.3 Prosjektøkonomi .....	6
2.4 Klimautfordringa, overordna politiske mål .....	6
2.5 Nasjonale mål, avtalar og politikk .....	7
2.6 Biogass i klimasamanheng .....	7
<b>3. Fjærland i dag –underlag og klimagassutslepp.....</b>	<b>9</b>
3.1 Møkalager og storleik .....	9
3.2 Klimagassar frå gjødselproduksjon i Fjærland.....	10
3.3 Utsleppsreduksjon ved alternativ bruk av biogassen.....	10
3.4 Kunstgjødselbruk i dag .....	11
3.5 Våtorganisk avfall, slam og slakteriavfall .....	12
3.6 Transportarbeid i Fjærland .....	12
3.7 Transportarbeid gjennom Fjærland .....	13
3.8 Oppvarming av bygg i Fjærland .....	13
<b>4. Val av løysing og økonomi .....</b>	<b>15</b>
4.1 Økonomi - konkret eksempelanlegg i Fjærland .....	15
4.2 Storleik på anlegg .....	16
4.3 Investeringsoverslag .....	16
4.4 Kostnader-inntekter .....	17
4.5 Alternative oppsamling og prosessering av biogass.....	18
4.6 Plassering av anlegg .....	21
4.7 Biorest.....	21
4.8 Organisering .....	23
<b>5. Vedlegg 1 – Referansar .....</b>	<b>23</b>
<b>6. Vedlegg 2 – samvirke som organisasjonsform.....</b>	<b>24</b>
<b>7. Vedlegg 3 – Kart over gardsbruk med gjødselprduksjon (i eige dokument) .....</b>	<b>25</b>
<b>8. Vedlegg 4 – Artikkel ” Husdyrholdets utslipp av klimagasser .....</b>	<b>25</b>
<b>9. Vedlegg 5 – invitasjon ”Fjærland framover” 10.10.08 .....</b>	<b>27</b>
<b>10. Vedlegg 6 – Inputdata og forutsetningar .....</b>	<b>28</b>
<b>11. Vedlegg 7 – Budsjettpriis for 3000m3 anlegg i Fjærland .....</b>	<b>30</b>
<b>12. Vedlegg 8 – Eksempel 1000m3 anlegg i Tingvoll.....</b>	<b>38</b>

# 1. Samandrag

## RAPPORT

### Fjærland

### Biogass, økonomi og moglegheiter

<b>Siv.ing Kjell Gurigard AS</b> Rådg.ingeniør energi, plan, klima, VVS Tlf: 905 20861  Epost: kjellgur@online.no Foretaksnummer: Orgnr.: NO 988 861 685 MVA	SAKSBEHANDLAR <b>Kjell Gurigard</b>		KONTROLL/DATO	
	OPPDRAGSGJEVAR <b>Fjærland Bondelag</b>			
	OPPDRAGSGJEVAR REF.			
	DATO 16.06.2010	SIST REVIDERT 25.06.2010	PROSJEKTNR.	ANTALL SIDER 38

### SAMANDRAG

Det er 28 bruk med storfe og sau i Fjærland. Gjødseleksproduksjon for desse bruka er i overkant 17000 m<sup>3</sup> gjødsel i året og det tilsvarar ein biogassproduksjon på rundt 370000 Nm<sup>3</sup> pr år.

Forutset ein at denne biogassen inneheldt 60 % metan vil ei rein avfakling av gassen redusere klimagassutsleppa i Fjærland med 3200 t/ CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i året. No er det lite bygg i Fjærland som har vassboren oppvarming, men energimengda i biogassen tilsvarar om lag 212000 l fyringsolje i året og det same i dieselmengde.

Alternativ for reduksjon av klimagassutslepp	
Avfakling av all biogass - reduksjon	3 214 t/år
All biogass går til varmeproduksjon, erstattar oljefyring:	
Reduksjon pga redusert oljefyring	
Potensiell varmeproduksjon i biogass	2,01 GWh/år
Tilsvarar volum olje	212 m <sup>3</sup> /år
Reduksjon klimagassutslepp-totalt	3 777 t/år
All gassen blir oppgradert, brukt som drivstoff	
Potensiell metangass-produksjon erstattar diesel	212 t/år
(Totalt drivstofforbruk til traktorar i dag, ca	101 m <sup>3</sup> /år)
Reduksjon klimagassutslepp-totalt	3 777 t/år

Til samanlikning fører kunstgjødselforbruket i Fjærland til klimagassutslepp tilsvarande 289 t/år og dieselforbruket i bygda med om lag 274 t/år i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

Prosjektet har rekna på eit biogassanlegg for 3000 m<sup>3</sup> gjødsel i året (2500 m<sup>3</sup> storfe-gjødsel og 500 m<sup>3</sup> saue-gjødsel). Anlegget kan få ut 77500 Nm<sup>3</sup> biogass i året. Det er inkludert eit oppgraderingsanlegg for gassen slik at gassen skal kunne brukast i køyretøy. Mengda oppgradert gass ut avanlegget tilsvarar grovt behovet til alle traktorane i Fjærland samt bussar til Firda billag som går gjennom bygda, lokalbussar med ei årleg køyrelengd på 315000 km/år

Sjølv om ein fer selt metangassen tilsvarande ein dieselpris på 5 kr/liter vil anlegget bedriftsøkonomisk vurdert gå med 160000 kr i underskot kvart år.

Det er likevel ein del forhold som gjer at prosjektet kan vere interessant og som gjer at bønder i Fjærland vil køyre prosjektet vidare:

- Fjørland kan bli "Klimabygda". Ved å dokumentere reduksjon av klimagassutslepp ved etablering av anlegg.
- Eit biogass-anlegg kan samle bygda om den viktigast miljøutfordringa me har, klimagassutslepp.
- Kan det i samarbeid med Norsk Bremuseum & UlltveitMoe-senter for klimaviten byggjast opp eit nasjonalt informasjonssenter for biogass?
- Kan det utviklast eit samarbeid med Mo og Jølster vidaregåande skole der dei kan bruke biogassanlegget til opplæring og for å drive forsøk?
- Bioresten gir god gjødsling. Det er ikkje gjort føresetnad om sal av biorest, den som leverer gjødsel kan hente att biorest. Det kan liggje ei inntektskjelde i å ta inn meir biomasse og produserer biorest for sal også utanom bygda. Innblanding av anna biomasse forsterkar også biogassproduksjonen
- Potensiale på å auke produksjon av biogass og biorest, slik at behovet for kunstgjødsel går ned. Dersom 25 % kunstgjødsel hadde blitt erstatta med biorest og med ein gjennomsnittleg pris på 5 kr/kg for kunstgjødsel ville det gitt redusert årskostnad til kunstgjødsel med over 200000 kr/år for bøndene i Fjærland
- Behandling av andre produkt (halm, gras som er uegna som for, silosaft, slakteriavfall, slam, våtorganisk avfall osv ) som vil auke produsert mengde gass og sannsynlegvis med relativt sett mindre auke i driftskostnadane.

Det er også vurdert ulike organisasjonsmodellar, prosjektet meiner samvirke og aksjeselskapsmodellen er mest aktuelle. Det er ikkje konkludert og det vil blir mykje avhengig av kven og korleis prosjektet evt. blir køyrt vidare.

Det er stor interesse lokalt for å drive prosjektet vidare, det må arbeidast meir med finansiering og det er heilt nødvendig med meir økonomisk støtte enn det som er i dag.

## 2. Innleiing og bakgrunn

### 2.1 Bakgrunn for prosjektet

Startskotet for prosjektet var i okt 2008 og det vart helde eit idemøte "Fjærland framover" blant anna om klimafjøs. ( invitasjon i vedlegg 5 ). Møtet var privat initiert med bakgrunn i ynskje om framtidig klimavennleg jordbruk i Fjærland, i lys av bygdetiltak. Samarbeid i heile bygda var sentralt emne og representantar frå ulike organisasjonar vart invitert. Dette førde til fagmøte i bondelaget månaden etterpå med representantar frå lokalt, regionalt og nasjonalt miljø.

Ei gruppe av eldsjeler fekk i oppdrag å arbeide vidare med møk og biogass. Breitt kontaktnett vart organisert. Samarbeid med politisk miljø, forskingsinstitusjonar, ulike jordbruksorganisasjonar, transportselskap, landbruksstyresmakter vart etablert. Bygging av biogassanlegg måtte komme i gang! Etter fleire interne møter og eksterne kontaktar blei det semje om å søkje midlar til forprosjekt, blant anna frå Innovasjon Norge. Hovudtankane bak arbeidet er og har vore desse:

- Eit biogass- og bioestanlegg i Fjærland vil vera eitt av særst få røynelege klimatiltak med opphav i mindre gardar, og vil dermed verka som fyrstårn for liknande prosjekt
- Bøndene i Fjærland ynskjer å gjennomføra klimatiltak som faktisk nyttar
- Bøndene ser mogleg nytteverdi, både i bruk og i klimaverknad, i produkta frå eit slikt anlegg
- Tiltaket har potensiale til å gjera Fjærland til ei klimanøytral bygd
- Det finst verksemder i Fjærland som høver godt inn i tankegangen om eit klimaanlegg av dette slaget, og som det er naturleg å samarbeida med

Det er naudsynt at eit behandlingsanlegg av dette slaget kan gå rundt økonomisk. Difor har forprosjektet delvis handla om økonomien i anlegget, og gjev nokre svar på korleis og kvifor det går an å driva eit biogassanlegg i Fjærland.

## **2.2 Prosjektgjennomføring**

Positivt søknadssvar frå Innovasjon Norge var på plass juni 2009. Samtidig har organisasjonane Fjærland bondelag, Tine Meieriet Vest, Felleskjøpet Agri BA, Firda billag og Sogn og Fjordane Energi gitt økonomisk støtte til prosjektet.

Det vart henta inn tilbod på prosjektleiing frå fleire fagmiljø. Siv Kjell Gurigard AS vart valt som rådgjevar og prosjektleiar i prosjektet

Det har vore seks prosjektgruppemøter med stort engasjement, i tillegg til møter der ikkje alle i gruppa har vore med.

Med dagens støtteordningar blir det forventet dårleg økonomi i tradisjonelle biogassanlegg. Deltakarar i prosjektet har difor bygd eit lite oppsamlings- og prosesseringsanlegg for biogass i Fjærland (meir i kap 4)

Prosjektet har vore omhandla i lokal og regional presse fleire gonger og det har vore besøk og omvisning for både skuleelevar og politikarar til testanlegget.

Odd Tjugum heldt eit innlegg for 130 deltakarar på eit nettverksmøte om forskning og utvikling innan biogass, arrangert av Statens landbruksforvaltning i januar 2010. Tittel på foredraget var "CMCA-action in Fjærland". Tjugum og Svein Arne Bøyum har som ein del av prosjektet laga eit pilotanlegg, meir omtala seinare i rapporten.

Parallelt har delar av gruppa gjort studiereiser til eksisterande anlegg og vore på aktuelle konferansar om emnet både som aktive og passive deltakarar. Nær kontakt har vore med forskingsmiljø i emnet og eigen forskingsreaktor har vore bygd.

Grappa har hatt orienteringmøte i Fjærland bondelag og fått brei støtte derifrå til å satsa vidare med eit fellesanlegg for møk /biogass.

### 2.3 Prosjektøkonomi

Her fylgjer kort samandrag av prosjektøkonomien.

<b>Fjærland Biogass</b>		
<b>Rekneskap forprosjekt</b>		
(eks mva)	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>21.06.2010</b>	
<b>Kostnader</b>		
<i>Eige utviklingsarbeid</i>	439 200	175 000
<i>Kjøp av konsulenttenester</i>		285 000
Kjøp tenester frå Gurigard	200 000	
Odd, Svein Arne, Jostein	65 000	
<i>Kontorutgifter</i>		20 000
Eivind søknadskrivning	14 000	
Rekneskap	4 000	
Tlf/kopiering/porto	2 000	
<i>Møteutgifter</i>	2 000	20 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>726 200</b>	<b>500 000</b>
<b>Finansiering</b>		
<i>Tilskot</i>		
Innovasjon Noreg	250 000	250 000
Tine	5 000	5 000
Felleskjøpet	5 000	5 000
Sogn og Fj Energiverk	15 000	15 000
Sogn og Fj Bondelag	5 000	5 000
Firda Billag	5 000	5 000
Sum tilskot	285 000	285 000
Eigeninnsats	441 200	215 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>726 200</b>	<b>500 000</b>

I sluttrapport og betalingsanmodning til IN blir dokumentasjon på eigeninnsats vedlagt

### 2.4 Klimautfordringa, overordna politiske mål

I dag er det ikkje lenger eit spørsmål om det blir klimaendringar, men kor fort og kor store endringane vil bli. Noreg og EU-landa har sett seg som mål at den globale temperaturauken dei neste 50-100 åra ikkje skal bli større enn 2°C. Dette målet er grunngeve med at dei globale konsekvensane blir betydeleg større, ved ei høgare temperaturauke enn dette. Endringane i det globale klimaet ser ut til å skje raskare enn tidligare trudd. FN's klimapanel har berekna at viss vi med rimeleg grad av sikkerheit skal klare temperaturmålet om maksimalt 2 °C stigning, må dei globale utsleppa i 2050 vere 50 til 85 % lågare enn utsleppa i år 2000.

## **2.5 Nasjonale mål, avtaler og politikk**

Den internasjonale klimaavtala frå Kyoto avgrensar Norge sine utslepp av klimagassar i perioda 2008 til 2012 til 101 prosent av utsleppet i 1990. For utslepp utover dette må me kjøpe kvoter frå utlandet.

**Stortingets klimaforlik gir i tillegg fylgjande mål for norsk klimapolitikk:**Norge skal skjerpe Kyoto-forpliktinga med 10 prosentpoeng, og fram til 2020 redusere dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 prosent av Norge sine utslepp i 1990. Utsleppa i Norge skal reduserast med 15 til 17 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i høve til referansebanen, inkludert skog. Dette inneber at dei nasjonale utsleppa skal ned til mellom 42 og 44 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i 2020.

Som del av ein global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar skal Norge ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030.

I Stortingsmelding nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk (klimameldinga) varsla regjeringa at den ville legge fram ei vurdering av klimapolitikken og behovet for endra verkemiddel for Stortinget. Den kom i form av ei analyse og ein rapport frå ei faggruppe Klimakur 2020 (Klimakur 2020 . Tiltak og virkemidler for å nå norske klimamål mot 2020 [2] . Dei utreda tiltak for alle sektorar, med potensiale og kostnader.

Produksjon av biogass frå husdyrgjødsel er i Klimakur utreda i to steg opp til 60 prosent av gjødselmengda, med og uten sambehandling med våtorganisk avfall. Tiltaket er både eit energitiltak og eit klimatiltak. I samsvar med den metodikken som Klimakur 2020 brukte, vart CO<sub>2</sub>-gevinsten bokført ved erstatning av fossile brensel i den sektoren der erstatninga blir gjort. Dersom ein tenkjer seg at energiberaren fullt ut erstattar fossile fyringsolje, vil substitusjonseffekten tilsvare ca. 200 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter.

## **2.6 Biogass i klimasamanheng**

Biogass blir danna når organisk materiale (gjødsel, matavfall, planterester, avløpsvatn, osv) blir brote ned av mikroorganismar i oksygenfritt miljø. Biogass består i hovudsak av metan som er ein sterk klimagass, 21 gonger sterkare enn CO<sub>2</sub> per vekteining. Ved forbrenning blir det danna CO<sub>2</sub> og vatn. Sidan råstoffet kjem frå biologisk materiale, blir forbrenninga rekna som CO<sub>2</sub>-nøytral då denne går inn i det naturlege CO<sub>2</sub>-kretsløpet. Biogass kan utnyttast til produksjon av strøm, varme og drivstoff og gir ei forbrenning som er reinare enn dei fleste alternative energikjelder.

I landbruket er drøvtyggarar er den største kjelda til metanutslepp. Årsaka til utslippa er biologiske prosessar i fordøyelsen til dyra. Det er forholdsvis få tiltak som gir betydelege reduksjonar utanom å redusere antal dyr.

Den andre kjelda til metanutslepp er lagring av husdyrgjødsel. Utslipp her kan reduserast gjennom anaerob behandling av gjødsla i biogassanlegg.

I dag er det berre ein ubetydeleg del av husdyrgjødsel i Norge som blir utnytta i biogassproduksjon.

48 % av metanutsleppa i Norge kjem frå landbruket, om lag 42 % av dette kjem frå drøvtyggerar medan berre 6 % kjem frå gjødsel. [7]. Men skal ein oppnå reduksjon utan å redusere antal dyr er det oppsamling av metan frå gjødsel som er mogleg å gjere noko med.

Det er i dag eitt velfungerande og godt innarbeida gardsbasert biogassanlegg i Norge [6]. Det ligg på Åna kretsfengsel i Rogaland og behandlar om lag 2800 tonn husdyrgjødsel frå storfe saman med om lag 250 tonn fiskeensilasje per år. I tillegg til dette anlegget er det nokre mindre gardsbaserte biogassanlegg under innkøyring/tidleg driftsfase.

Etablering av biogassanlegg basert på husdyrgjødsel vil gje dobbel klimaeffekt ved at det bidreg til å redusere utslepp av klimagassen metan fra landbruket, samstundes som det kan bli produsert klimanøytral energi. Det krevs ingen godkjenning for biogassanlegg som behandlar husdyrgjødsel frå eigen produksjon. Dersom anlegget mottok husdyrgjødsel frå andre gardar må anlegget av hygieneomsyn godkjennast av Mattilsynet.

Eit viktig dokument for auka bruk av biogass i Norge er **St.meld. nr. 39 (2008–2009) - ”Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen”** [1]

Meldinga har ei oversikt over aktuelle klimatiltak i landbruket som bidreg til å oppfylle Norge sine forplikningar til reduserte utslepp av klimagassar innan 2020. Østlandsforskning og Universitetet for miljø- og biovitenskap har berekna det samla energipotensialet for biogass til nær 6 TWh. Husdyrgjødsel utgjer det største potensialet med 42 prosent. Saman med andre avfallsprodukt utgjer restprodukt frå jordbruksdrift over 50 prosent av det tekniske potensialet for biogass.

Regjeringa konkluderer like vel med : ” *Ressursene fra jordbruket er best egnet for lokal småskala biogassproduksjon, eksempelvis i gårdsbaserte biogassreaktorer. I områder med høy husdyrtetthet, kan det imidlertid være ønskelig å samle husdyrgjødsel i større anlegg, der behandling av matavfall fra andre samfunnssektorer også kan inngå. Store biogassanlegg vil kunne gi betydelig større reduksjoner i klimagassutslippene på grunn av bedre teknologi og drift ved slike anlegg. Videre blir det lettere å sikre en god utnytting av energien. Det vil også kunne oppstå fordeler eller synergieffekter knyttet til behandlingen av restproduktet (bioresten) fra biogassproduksjonen ved slike store anlegg.*”

Berekningar utført av Statens forurensningstilsyn viser at ved å bruke 30 prosent av all husdyrgjødsel i Norge til biogassproduksjon saman med 600 000 tonn matavfall, så blir utslippa av klimagassar redusert med 0,5 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

Utsleppa i Norge var 50.8 millionar tonn i 2009. I Sogndal kommunen var utsleppet i 2008 om lag 45000 t Co<sub>2</sub> ekvivalentar, av dette er bidraget frå landbruket omlag 11200 t/år



### 3. Fjærland i dag –underlag og klimagassutslepp

Prosjektgruppa har samla inn opplysingar om forhold som er viktige for å vurdere biogassproduksjon i Fjærland, sjølv om prosjektgruppa tidleg erkjente at erfaringar frå andre prosjekt og vurderingar viser at det isolert sett for prosjektet truleg ikkje er bedriftsøkonomisk lønsamt med biogassproduksjon i Fjærland.

Dersom ein derimot ser utover den isolerte prosjektøkonomien for enkeltprosjekt og også tek inn andre verknader for samfunnet i Fjærland kan reknestykket endre seg. Meir om det i kap 4.

Uansett vil eit evt vidare arbeid ha nytte av status informasjon og status pr i dag.

#### 3.1 Møkalager og storleik

Opplysingane er frå perioda 2007-2009

Oversikt møkalager i Fjærland				
Nr på bruk	dyr	Relativ storleik		Merknader
		på bruk	Type lager	
1	Storfe	Stor	Tett kjellar	
2	Storfe	Stor	Tett kjellar	Samdrift
3	Storfe	Stor	åpen silo	2 åpne siloar
4	Storfe	Stor	Tett kjellar	
5	Storfe	Stor	Tett kjellar	
6	Sau	Stor	Tett kjellar	Mellomlager for 11
7	Storfe	Stor	Tett kjellar	
8	Storfe	Stor	åpen kum	
9	Storfe	Stor	åpen silo	Samdrift, har også mellomlager, nokre sau
10	Sau	Mindre	talle	Veldig liten
11	Storfe	Stor	tett kjellar	Samdrift
12	Sau	Mindre	talle	
13	Sau	Mindre	tett kjellar	
14	Sau	Stor	talle	
15	Sau	Stor	Tett kjellar	I Jordal
16	Sau	Mindre	tett kjellar	I rauboti
17	Storfe	Stor	Tett kjellar	Samdrift, tre mellomlager
18	Storfe	Stor	Tett kjellar	
19	Storfe	Stor	Tett kjellar	
20	Storfe	Stor	Tett kjellar	
21	Storfe	Stor	Tett kjellar	
22	Storfe	Stor	Tett kjellar	
23	Storfe	Stor	Tett kjellar	
24	Sau	Stor	Tett kjellar	
25	Sau	Stor	Talle	
26	Storfe	Stor	Tett kjellar	
27	Storfe	Stor	åpen kum	
28	Sau	Stor	Tett kjellar/talle	
<b>Oppsummering:</b>				
<b>Store bruk</b>		24	stk	Dvs meir enn 15 kyr og/eller 50 sauer
<b>Mindre bruk</b>		4	stk	
<b>Bruk med storfe</b>		18	stk	Eit par-tre bruk har både storfe og sau
<b>Bruk med sau</b>		11	stk	

Nummer på desse bruka er kopla til to kartblad i vedlegg 3 (eige dokument)

### 3.2 Klimagassar frå gjødselproduksjon i Fjærland

Biogassproduksjon frå gjødsel frå ulike dyretyper varierer mykje, jfr tabellen under:

Dyretype	Biogass pr m3 gjødsel
Storfe	18
Sau	64,8
Gris	16,8
Fjørfe	73,5

Tabell: biogassmengde i m3 pr m3 gjødsel. Kilde: Tabellen er basert på informasjon fra Jon Morken, gjengitt i rapporten Biogass i Hordaland (NVH 2005). Tallene for gassmengden fra gjødsel fra sau er justert av Jon Fredrik Hanssen ved UMB (pers kom september 2008).

For storfe og sau i Fjærland gir det dette bidraget (eller belastning) for heile året (2008-tal, både inne-og utetid):

<b>Fjærland</b>	<b>Storfe</b>	<b>Sau</b>	<b>Sum storfe+sau</b>	
Antal dyr i Fjærland (2008)	956	756	1712	stk
<b>Utrekningar</b>	<b>Storfe</b>	<b>Sau</b>	<b>Sum storfe+sau</b>	
Gjødselproduksjon pr år	15 702	1 380	17 082	m3/år
Biogassutslepp pr år pga gjødsel	282 641	89 405	372 046	Nm3/år
Metangassutslepp pga gjødsel - volum	169 585	53 643	223 228	Nm3/år
Co2-utslepp pga gjødsel - volum	113 057	35 762	148 818	Nm3/år
Metangassutslepp pga gjødsel - vekt	122 101	38 623	160 724	kg/år
CO2 utslepp pga gjødsel - vekt	222 721	70 451	293 172	kg/år

Biogassen (rågassen) inneheldt typisk 60-70% metan og 30-40% karbondioksid og er metta med vassdamp. Her er rekna metaninnhald på 60%.

### 3.3 Utsleppsreduksjon ved alternativ bruk av biogassen

Biogassen kan i prinsippet brukast til fleire formål, den kan brennast i ein kjel og varme bygg og redusere bruk av olje og elektrisitet, den kan reinsast og brukast i køyretøy og den kan brukast i eit kraft/varmeanlegg som produserer både straum og varme. Det siste alternativet er minst aktuelt og dermed ikkje behandla meir her.

Det andre alternativa er vist i tabellen under med tilhøyrande klimagassreduksjon. Også ein rein avfakling av biogassen utan å bruke varmen til noko vil gje ein stor klimaeffekt fordi ein fer fjerna metangass og fer att CO<sub>2</sub> som har mindre klimaaffekt

<b>Alternative tiltak som gir reduksjon av klimagassutslepp</b>		
Avfakling av all biogass - reduksjon	3 214	t CO2 ekv/år
All biogass går til varmeproduksjon, erstattar oljefyring:		
Reduksjon pga redusert oljefyring		
Potensiell varmeproduksjon i biogass	2,01	GWh/år
Tilsvarar volum olje	212	m3/år
Reduksjon klimagassutslepp-totalt	3 777	t CO2 ekv/år
All gassen blir oppgradert, brukt som drivstoff		
Potensiell metangass-produksjon erstattar diesel	212	t/år
(Totalt drivstofforbruk til traktorar i dag, ca	101	m3/år)
Reduksjon klimagassutslepp-totalt	3 777	t CO2 ekv/år

Tabell: Klimagassreduksjon ved alternativ bruk av all biogassen produsert i Fjærland

(Her er det ikkje teke omsyn til energibruk ved oppgradering av gassen, kan overslagsvis rekne at 15% av brutto energiinnhald går til denne prosessen)

Dersom ein tek omsyn til at CO2 inngår i eit kort og nøytralt karbonkretsløp (Co2-utslepp, opptak i gras, mat til dyra og produksjon av biogass) vil ein få ein tilleggsggevinst på om lag 160 t CO2-reduksjon/år

### **3.4 Kunstgjødselbruk i dag**

Det er innhenta opplysingar om kunstgjødelsalg frå jordbrukslaget, COOP og Fiskå mølle. I sum meiner dei at salget til Fjærland utgjer eit **kunstgjødselbruk på om lag 170 t/år** fordelt på om lag 4500 dekar

Klimagasseffekten frå kunstgjødsel er knytta til utslepp av lystgass (N2O) som blir danna når bakterier omdannar nitrogenet i gjødsla. Det meste av utslippa kjem frå omdanning direkte på arealet som blir gjødsla. Ein mindre del kommer frå nitrogen som går tapt ved avrenning.

Alt i alt kan ein rekne at frå eitt tonn nitrogeninnhald i gjødsla blir det danna ca 25 kg N2O, som tilsvarar 8 tonn CO2-ekvivalentar. Utslepp frå eitt tonn gjødsel blir avhengig av gjødsltypen. Ein gjødsltype som Fullgjødsel 21 - 4 - 10 har 21% nitrogen og gir ca 1,7 tonn CO2-ekvivalentar per tonn gjødsel. Dei fleste gjødsltypene har mellom 10 og 25 prosent nitrogen og gir frå 0,8 til 2 tonn CO2-ekvivalentar per tonn gjødsel.

Dersom me forutset eit utslepp på 1,7 t CO2-ekvivalentar per tonn gjødsel og eit antatt forbruk på 170 t kunstgjødsel per år gir det eit klimagassutslepp på **289 t CO2-ekvivalentar pr år.**

Det er heller ikkje her medteke utslepp forbunde med produksjon og transport av gjødsla.

Berekningane er beskive i dokumentasjonen til klimagassregnskapet ("The Norwegian emission inventory 2009", [http://www.ssb.no/emner/01/90/doc\\_200910/doc\\_200910.pdf](http://www.ssb.no/emner/01/90/doc_200910/doc_200910.pdf)) [4]

### **3.5 Våtorganisk avfall, slam og slakteriavfall**

Det kan vere eit alternativ å blande våtorganisk avfall saman med gjødsla. Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap (SIMAS) vurderer at dei årleg **hentar om lag 45 t våtorganisk avfall frå Fjærland.**

I tillegg opplyser Nordfjord Miljøverk IKS (Nomil) at dei kvart år **fraktar om lag 1923 t** våtorganisk avfall gjennom bygda.

Innblanding av andre substansar i storfe-og sauegjødsele i eit biogassanlegg er generelt positivt. Som eksempel vil innblanding av 100 tonn våtorganisk avfall auke biogassproduksjon med om lag 17000 m<sup>3</sup> biogass. Tilsvarende mengde med slam eller slakteriavfall vil kunne gje ei auka biogassmengde på hhv 8800 og 48000 t/år.

Desse substansane er ikkje rekna inn i denne rapporten. Det er ulike problemstillingar for bruk av denne biomassen, alt frå kommersielle avtalemessige forhold for våtorganisk avfall til krav om forbehandling for slam og slakteriavfall.

Organisk avfall som slakteriavfall må hygieniserast for å drepe medfølgjande bakterier ved oppvarming til 70 °C i ein time (gjeld for avfall kategori 3) eller ved trykksterilisering ved oppvarming til 133 °C ved 3 bar i 20 min (gjeld for avfall kategori 2). [5]

I fyrste fase er det tenkt eit forholdsvis enkelt anlegg med færrest moglege usikre forutsetningar.

Men det ligg eit potensiale både i å få produsert meir gjødsele for å kunne redusere bruk av kunstgjødsele med tilhøyrande reduserte klimagassutslepp (jfr under) til potensiale for inntekter ved å ta inn f.eks våtorganisk avfall.

Me har ikkje fått opplyst kostnadane for å levere våtorganisk avfall på Simas-anlegget i Kaupanger, men i eit anna område blir kostnaden oppgitt til å vere 800 kr/t.

Det er også undersøkt om det er fruktmasse frå produksjonen til Lerum fabrikk i Kaupanger/Sogndal tilgjengeleg. Det viser seg at det stort sett blir kjøpt inn konsentrat som det blir laga juice av. Vanlegvis er det ei periode om sommaren/haust som det blir teke inn eit visst volum av lokal frukt. Masse som blir att etter pressinga blir selt eller gitt bort som dyrefor og er ingen utgift for Lerum.

Ved Åna kretsfengsel i Rogaland, som er einaste anlegget i Norge i drift brukar ein i tillegg til 5000 tonn gjødsele frå storfe også 1500 tonn fiskeavfall. Det kan også vere eit alternativ i ikkje alt for landomkrets frå Fjærland

### **3.6 Transportarbeid i Fjærland**

Traktorar går i dag på fossilt drivstoff. Det er undersøkt om lag kor mange, kor store og kor mykje traktorane blir brukt. Dette er omtrentlege verdiar.

Oversikt taktorar - anslag							
Storleik	Antal	Driftstimar pr år	Totalt driftstimar	Dieselforb pr time	CO2-		
					Anslag totalt dieselforbruk [l/år]	utslepp pr liter [kg/liter]	Tot utslepp [tonn/år]
under 60 hk	23	100	2300	4	9200	2,7	24,8
60 til 100 hk	55	200	11000	5	55000	2,7	148,5
over 100 hk	16	400	6400	6	38400	2,7	103,7
<b>Sum</b>	<b>94</b>		<b>19700</b>		<b>102600</b>		<b>277,0</b>

Hans I Haugen, med erfaring frå drivstoffsalg i Fjærland, meiner anslaget på rundt 100 m<sup>3</sup> diesel til traktorane i Fjærland kan stemme nokolunde.

**Dieselbruken representerer eit CO<sub>2</sub>-utsleppet på om lag 277 t/år CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.**

Energiinnhaldet i denne dieselmangda tilsvarar om lag halvparten av oppgradert biogass frå all storfe og sau i Fjærland.

### **3.7 Transportarbeid gjennom Fjærland**

Det er teke utgangspunkt i to firma som jamleg køyrer gjennom bygda og som potensielt kan fylle biogass til nye bilar.

Firda Billag køyrer gjennom bygda tre gonger om dagen, i tillegg til lokalbussar og turbussar.

Me har gjort anslag på 90 mil om dagen og 350 d/år, dette blir om lag 315000 km/år.

Me reknar at desse bussane i snitt brukar 0,235 kg/km (0,28 l/km) (kjelde: SSB - Utslippsfaktorar for ulike køyretøygrupper, gjennomsnitt for 2005, buss – [3]) som gir eit dieselforbruk på om lag 88000 l/år. Dersom desse bussane (og tilsvarande køyrelengde) hadde vore køyrt på biogass ville det gitt eit **reduert klimagassutslepp på om lag 238 t/år dersom heile denne køyrelengda hadde vorte konvertert til biogass.**

**Teoretisk sett vil produksjon av oppgradert biogass kunne dekkje all traktorkøyring i Fjærland samt bussane nevnt over (overkant 300000 km/år)**

Legg ein til grunn at berre ein andel av volumet kan fyllast i Fjærland blir sjølvsagt forbruk og reduksjon i utslepp tilsvarande lågare. utfordringa er også at dersom ein byggjer om bilane, eller kjøper nye bilar, til gassdrift må dei fyllast med gass også andre stader.

### **3.8 Oppvarming av bygg i Fjærland**

Biogass brent i gasskjelar for produksjon av varmt vatn til radiatoranlegg/golvvarmeanlegg treng ikkje oppgraderast, slik som biogassen til bruk køyretøy. utfordringa er at det berre er Fjærland skule, med eit potensiale på om lag 70000 kWh/år, i nærområdet som er tilrettelagt for bruk av biogass. Også her må det til ombygging av kjelanlegget.

Det ligg best til rette for bruk av biogass til oppvarming for nye bygg eller prosjekt som kan nytte biogassen utan rensing og oppgradering. Prosjektet kjenner ikkje til aktuelle og konkrete prosjekt i bygda.

**Mengda biogass produsert frå alle storfe og sauegjødsel i Fjærland kan varme opp 34000 m2 kontorbygg eller om lag 26000 m2 skolebygg. (inkl. oppvarming, ventilasjon og varmt forbruksvatn)**

## 4. Val av løysing og økonomi

Det er mange parametrar som avgjer korleis økonomien i eit biogassanlegg, også i Fjærland, vil kome ut, for eksempel:

- Kva er realistisk storleik på eit anlegg? Kor mange bønder vil ein kunne få til avtale med?
- Kva teknisk løysing er den beste for "Fjærland-forhold"?
- Kor stor er marknaden for sal av produkt (biorest, biogass osv) frå eit biogassanlegg, pris og kva produkt skal det satsast på?
- Skal ein rekne inn eit oppgraderingsanlegg slik at gassen kan brukast i køyretøy?
- Kva anna biomasse kan ein rekne inn i anlegget (slam, vårorganisk avfall, slakteriavfall, fiskeavfall, fruktmasse osv)?
- Kva støtte kan ein rekne inn frå det offentlege og private?

Det vil føre langt utover eit lite forprosjekt å vurdere fleire av desse punkta og det vil heller ikkje vere mogeleg å kunne gje svar på mykje av dette i ei kort prosjektperiode.

Det er valt å rekne konservativt gjennom ei løysing der

- ein har kontroll på mest mogeleg av parametraner
- moduloppbygd der ein har moglegheit for å utvide anlegget
- ikkje kalkulerer inn potensielt gode, men pr i dag usikre løysingar. Det gjeld både bio-substansar utover storfe- og sauegjødsel inn i reaktoren og teknologiar som er dårleg dokumentert i dag.

### 4.1 Økonomi - konkret eksempelanlegg i Fjærland

Biogassen kan brukast til oppvarming gjennom forbrenning i ein kjel. Det er pr i dag ikkje vassbaserte anlegg i Fjærland av noko storleik som kan ta i mot varme produsert direkte av biogassen, det hadde truleg vore den mest lønsame bruken av gassen.

Val av leverandør bør kome som eit resultat av ein ryddig tilbudsprosess der td økonomi, erfaring, logistikk og teknisk løysing er blant dei kriteria som tilbyderane skal velgjast blant. I denne omgangen er i i vedlegg 7 og 8 beskrive to leverandørar.

I kostnadsoppsettet og økonomiberekningane er det brukt tal frå eine leverandøren

Oppgraderingsanlegg

I høve til kostnadsoverslaget seinare i rapporten ville ein grovt kunne redusert investeringa med 1 Mkr til oppgraderingsanlegg (frå 4 til 3 Mkr) ved direkte bruk av biogassen.

Dersom ein i det heile vurderer ombygging av varmeanlegget på Bremuseet må direkte bruk av biogassen vurderast på nytt. Ei konvertering av varmeanlegg i større bygg kostar overslagsvis 600-900 kr/m<sup>2</sup>

Kraft/varmeanlegg med produksjon av både straum og varme er ikkje aktuelt pga storleik og lite varmebehov.

Budsjettprisar og utrekningar i også jfr vedlegg 7.

Ved realisering av eit prosjekt må det vurderast fleire leverandørar og hentast tilbod frå fleire.

## 4.2 Storleik på anlegg

Forutsetningar:

- Samla gjødselmengd inn i anlegg: 3000 m<sup>3</sup>/år (Storfe – 2500 m<sup>3</sup>/år og sau - 500 m<sup>3</sup>/år)
- Uteid: Storfe – 3 mnd/år og sau 6 mnd/år)

	Storfe	Sau	Sum	
<b>Eksempel på anlegg (2500 m<sup>3</sup> storfegjødsel og 500m<sup>3</sup> sauegjødsel)</b>	<b>2500</b>	<b>500</b>	<b>3000</b>	m <sup>3</sup> /år
<b>Gjødselproduksjon pr dyr i inneperiode (dvs 9/12 for storfe og 6/12 for sau)</b>	<b>12,32</b>	<b>0,91</b>		m <sup>3</sup> /år
<b>Antal dyr i leverer til anlegg</b>	<b>203</b>	<b>548</b>		stk

Dette tilsvarar om lag 20% av antal storfe og 70% av antal sau i Fjærland når ein tek omsyn til at det berre er gjødselproduksjon når dyra er inne ein fer tak i.

Samanhengen mellom storleik på anlegg og økonomi i prosjektet er erfaringsmessig slik at mindre anlegg gir dårlegare økonomi og større gir betre økonomi.

## 4.3 Investeringsoverslag

<b>Fjærland biogass - 3000 m<sup>3</sup> gjødsel pr år</b>		
<b>Investeringskostnader</b>		
<b>Biogassanlegg</b>		<b>kr 3 500 000</b>
Biogassanlegg for 3000 m <sup>3</sup> /år, 2*130 m <sup>3</sup> reaktortankar, inkl fortank og sluttlager, inkl transport, prosjektyring, opplæring og igangkøyring	kr 2 100 000	
Arbeid med tomt, botnisolering av tankar, monteringshjelp, rørdeler og arbeid. Framlegging av el og vatn	kr 400 000	
Oppgraderingsanlegg	kr 1 000 000	
<b>Adm, prosjektering, reserve</b>		<b>kr 500 000</b>
Div adm/prosjektstyring	kr 100 000	
Reserve	kr 400 000	
<b>Sum</b>		<b>kr 4 000 000</b>



Det er ikkje vurdert eller teke omsyn til om det evt er behov for ny trafo i området. Effektbehovet for denne løysinga er om lag 2-3 kW pr reaktor og 5-7 kW i gjødselpumpe, desse treng heller ikkje gå samstundes. Dersom ein skal bruke straum til oppvarminf/oppstart av prosessen vil ein trenge om lag 15 kW. Denne oppbarminga kan også gjerast med gass eller olje.

Det er også usikkerheit om sauemøka treng meir oppkutting etter innblanding i fortanken. Trengs det macerator for ytterlegare nedkutting koster ein slik 40.000-80.000 avhengig av type /storleik.

#### 4.4 Kostnader-inntekter

Det er noko usikre føresetnadar i eit slikt oppsett. Årlege kostnader er kapitalkostnad og driftskostnad. I investeringsoverslaget er det medteke eit oppgraderingsanlegg til køyretøykvalitet på gass. Me har difor lagt opp til at det er sal av oppgradert biogass som er viktigaste inntektskjelda.

Økonomi		[kr/år]
Investeringskostnad - brutto	4000000	kr
Forutsatt 35 % støtte IN	-1400000	kr
<b>Netto Investering</b>	<b>2600000</b>	kr
Årlege kostnader (eks mva)		[kr/år]
Kapitalkostnad	226720	kr/år
Driftskostnad. Inkl ettersyn, forsikring, service osv	100000	kr/år
<b>Årleg kostnad</b>	<b>326720</b>	
Inntekspotensiale		
Salg av oppgradert biogass (brukt tilsv dieselpris 5 kr/l )	167534	kr/år
<b>Overskot (+)/underskot (-) pr år</b>	<b>-159186</b>	<b>kr/år</b>

Med dei føresetnadane som er gjort går prosjektet isolert sett med om lag 160.000 kr i underskot kvar år.

Dette eksempelet reduserer utsleppet med 786 t CO<sub>2</sub>-ekv/år. Eksempelet vurdert som eit klimatiltak går med ca 160000 kr/år i underskot. **Kostnaden for dette tiltaket blir 160000 kr/786 t = 203 kr/t.** Klimakur vurderte mange ulike tiltak. Til samanlikning er kostnaden for biogassiltaka i Klimakur kostnadssett til mellom 1200 og 3100 kr/t CO<sub>2</sub>ekv.

Sjølv om realisering av eit prosjekt fører til høgare investeringskostnader og dårlegare økonomi enn eksempelet over viser skal det svært mykje til at gjennomføringa av prosjektet blir eit dårleg samfunnsøkonomisk prosjekt.

Det er liten tvil om at støttenivået til slike anlegg bør aukast dersom målet er å få etablert fleire slike anlegg i Norge.

Det bør også arbeidast mot private investorar i samband med finansiering og støtte.

Kanskje også ei ordning der ein fer betre betalt for klimanøytral mat dersom produksjonen fører til lågare klimagassutslepp enn tradisjonell produksjon.

For Fjærlandsbygda og innbyggjarane er det ein del fordelar som er vanskeleg eller umogeleg å setje tal på:

- Fjørland kan bli "Klimabygda". Ved å dokumentere reduksjon av klimagassutslepp ved etablering av anlegg.
- Eit bioanlegg kan samle bygda om den viktigast miljøutfordringa me har, klimagassutslepp.
